

NORDISKE STUDIER I LEKSIKOGRAFI

Titel:	Molbech som mønster for Aasen
Forfatter:	Dagfinn Worren
Kilde:	Nordiska Studier i Leksikografi 8, 2006, s. 391-406 Rapport från Konferens om lexikografi i Norden, Göteborg 27.-29. maj 1999
URL:	http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/nsil/issue/archive



© Nordisk forening for leksikografi

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsrettsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Søgbarhed

Artiklerne i de ældre Nordiske studier i leksikografi (1-5) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

Molbech som mønster for Aasen

Molbech as a Model for Aasen. The lexicographical tradition in Norway was sparse before Ivar Aasen (1813-96) published *Ordbog over det norske Folkesprog* ('Dictionary of the Norwegian dialects'; abbr. ONF) in 1850, which appeared to be a modern dictionary. *Dansk Ordbog* ('Danish dictionary'; 1833) by Christian Molbech (1783-1857) is considered, in parts, to be a model for the lexicographical practice in ONF. This article points out elements where Molbech as a model is obvious, and also where Aasen made his own contribution to Nordic lexicography, especially in applying the methods of written-language lexicography on dialect material to describe a national vocabulary.

1. Innleiing

Den etablerte leksikografiske tradisjonen i Noreg vart innleidd i 1850, då Ivar Aasen (1813-96) la fram *Ordbog over det norske Folkesprog* (ONF) (jf. Worren 2003:407). Oppspelet til den etablerte leksikografiske tradisjonen var elles svært sparsamt med berre fire prenta ordbøker over norsk ordtilfang frå 1600-talet til byrjinga av 1800-talet. Desse ordbøkene må dertil kallast dialektordbøker, ettersom dei ikkje hadde eit eige norsk standardmål til normeringsinstans (jf. Vikør 2000:119).

Den danske litteraturforskaren Hans Hauge har kalla tida då den norske leksikografiske tradisjonen etablerte seg, for postkolonial etter ein av dei nyare litterære teoriane med den grunngjevinga at det heldt seg eit visst dansk hegemoni i Noreg "fra 1814 og et stykke ind i århundredet" (Hauge 2001:371), altså også etter Kielfreden då Sverige vart den nye unionspartnaren. Språkleg sett vart det danske hegemoniet faktisk forsterka av denne unionen som eit taktisk mottrekk mot svensk påverknad (Skautrup 1953:113). I vår samanheng kjem hegemoniet greitt til uttrykk i oppdraget som Ivar Aasen fekk i 1842 frå Det kongelige Norske Videnskabers Selskap i Trondheim om å samle inn (1) ordtilfang frå dei norske målføra med tanke på ein sams grammatikk og ei tilsvarande ordbok og (2) dessutan ei ordbok "hvor i vort nærværende Skriftsprogs Ord" er oppslagsord med ekvivalentar frå dialektane (etter Walton 1996:77). Direksjonen i Vitskapsselskapet rådde til tre hjelpemiddel for Aasen. Det var "Molbechs danske Ordbog, Bjørn Haldorsens islandske Lexicon og Rasks oldnordiske Grammatik af 1832 med tilhørende Læsebog" (op.cit. 78). Desse tre verka er hegemoniske i den forstand at to av dei største namna i dansk språkvitskap hadde hand om dei, og Aasen fekk dei også i hende.

Rasmus Rask (1787-1832) hadde også gjeve ut den islandske ordboka (eigl. Björn Halldórsson: *Lexicon Islandico-Latino-Danicum*), som kom ut i 1814. Han hadde særskilt sett til dei danske forklaringane (Kvaran 2000:85). Vi kjenner elles Rask som den filologen som utvikla den historisk-komparative metoden i språkvitskap med

utgangspunkt i dei nordiske språka (Hovdhaugen et al. 2000:159f.). Den naturvitenskaplege organiske tenkjemåten synter seg både i den historiske utviklingsdimensionen og i den typologiske klassifiseringa som hadde til føremål å påvise samanheng og slektskap i og mellom språk (op.cit. 157).

2. Problemstilling

På denne bakgrunnen, der Noreg var i politisk union med Sverige, men framleis hadde danske kulturelle og akademiske ideal, skal det leggjast fram døme på korleis denne hegemoniske mònstergjevinga syner seg i dei leksikografiske arbeida til Ivar Aasen, då først og fremst frå ONF. Av dei tilrådde verka frå Vitskapsselskapet er det særleg *Dansk Ordbog* (DO;1833) av Christian Molbech (1783-1857) som blir nytta som kjelde i denne samanlikninga.

Manifisteringar på mònstergjeving kan finnast på mange plan, såleis på det ideologiske planet (samfunns- og språksyn), på det metodiske planet (oppbygginga) og i konkret leksikografering (på makro- og mikroplanet). Manifisteringane kan òg ytre seg som indirekte eller direkte kommunikasjon mellom verka og i parallel struktur i tillegg til direkte referansar. Spørsmålet er då om Ivar Aasen var noko meir enn ein tradisjonsberande epigon.

3. Formell omtale av DO og ONF

Ytre sett er skilnaden mellom DO og ONF stor. DO er ei tobandsordbok, der kvart band har tospalta sider med eiga paginering: band 1 med 700 sider (A-L) og band 2 med 732 sider (M-Ö). Talet på oppslagsord ser ut til å vere rundt 30 000. Ordboka er trykt i fraktur, former frå andre språk er trykte i antikva (jf. figur 1).

ONF er ei eittbands tospalta ordbok på 634 sider. Her er talet på oppslagsord om lag 25 000, irediktne ord på ikkjealfabetisk plass (Kruken og Aarset 2000:XXII). Også i ONF er hovudskrifta fraktur (jf. figur 2). Valet av skrifttype var eigenleg allereie lagd med Aasens grammatikk frå 1848, *Det norske Folkesprogs Grammatik*, då med den grunngjevinga at boka skulle bli lettare å lese for ”norske Almuesmænd” (Aarset 1996:XXI).

I omfang kan altså ikkje ONF tevla med DO. Men skriftbiletet gjev derimot det same tradisjonelle inntrykket.

Dansk Ordbog

inbehofende

det danske Sprogs Stammeord.

tillige med afledede og sammensatte Ord,

efter den nævnte Sprogtug forklarede i detes, forstellige
Betydninger, og ved Talemaader og Eksempler aufstille.

10

Christian Möller.

Kerste Ditt

A-L

Web en Fort Daenfigt af het koninklijke Oprechte Historie.

• 球上部の筋肉

Den den Gyldenbalftske Boghandlings Forlag
helt ved Nielsens Selskab, høje og Universitets-Bogtrykkeri.

1853

Figur 1. Tittelsida og byrjinga av bokstaven a i DO

4. Samfunns- og språksyn i føreorda

Føreorda til både DO og ONF har fleire direkte ideologiske utsegner om motiveringa for arbeidet. Ikkje minst gjeld det tilhøvet mellom språk og nasjon med ordlegging henta frå samtidsretorikken.

4.1. Dansk og norsk i DO

Mot slutten av føreordet sette Molbech DO inn i ein nasjonal kontekst: [Jeg overgiver nu] ”mit eget Fædreland, og mine Fædres Land, Norge, et Arbeide, som kun er blevet til af Kiærlighed til disse Rigers Sprog, det danske Tungemaal” (Molbech 1833:XXVIII). Med ”det danske Tungemaal” tenkjer Molbech neppe på *dansk tunga*, ei fellesnemning for gammalnordisk (jf. t.d. ODS u. *I Tunge* 3.6). Han ville venteleg heller med denne utsegna presisere at skriftspråket i Noreg også var dansk, for han var ein av dei som hadde påtala at ein i Noreg på denne tida hadde

615

Ordbog

87

det norske Folkesprog,

1

Dear Master.

Während dieser Zeit wurde die Befestigung der Stadt verstärkt.

Scillae.

Digitized by Carl C. Werner & Co.

4. akr. nst. vcl. rigtigast. Brings meget i tilfældet. Han har en temerat (z. han har net været her). Og intet at de (z. jeg) hører net det; det er vel tilfældet, under jeg. 5. k. mtl. — Øgås (d. alligevel). f. h. Ne bræs kri at (z. både dem alligevel).

a. See **av** (**af**), **for**, **an**.
b. **brøbe, bræ;** — **je bræsæ.**
Fox James (mention a og b).

aggo, v. a. magt, magis, formellige. (Gjel-
punkt)

ng, halte Ob i. Staatsvertrag, mob-
lize Sta. Ojda, Dragez i. B. ag. Zs.
Götz i. Neumärk, Strel (S. 5). Mit
ben).

(*ibid.*), 21 (mit ehm.), *Gedenkblätter* beider Art: *Wolm.* 21, von Bergius, befreit aus einer Blasphemie in *Utric.* (1811); in *Wolmst.* 21, *agapit.* 2) *Gedenkblätter*: *Wolmst.* Universitäts-Blatt für Th. Del 1811 bis 1812.

— 18. Deber följa dokumentet i sitt
även salva tillförlitl. d. Min. (Utgått
Björnes där man bröjt Delf).

— Simeon, Simeon; Simeon (Abt-
fund), Simeon, Stoff, v. S.
Simeon (Abt- Fund, v. S.) Chemie-
(S. See, Ed.), S. as Sa., sgn. Simeon
Simeon, Nagel, v. S. Wangl v. S. Simeon
Simeon, v. S. Simeon v. Simeon.

Antennae, 2 pairs, each pair 10-12 mm. long; 1st. & 2nd. pair black, 3rd. & 4th. pair brownish-yellow.

hag, Jol-afsen'ken (Bork.), Jolofna (mell. sdm.), Jolafraen, Krisejunko (coll.), Jolafraen, Gaa, Bork: Jolafraen, Ram for Rovner i Faben.

Hypoleucis rufa, Blyth. *Burm. Fauna*, 1863: 100. (Sikkim).

Det er ikke eneste land i Europa som har et stort antall medlemmer i EEC. Det er også landet Irland, der det er nærmest 100% afhengig av eksporten til det europeiske marked.

anterior, ciliæ). 2d. oculæ. 3d. Buccæ. 4th. Buccæ. 5th. Buccæ. 6th. Buccæ. 7th. Buccæ. 8th. Buccæ.

Figur 2. Tittelsida og byrjinga av bokstaven a i ONF

byrja å bruke termen *norsk* om ”Skriftsproget”. Det vart elles gjort allereie i den reviderte grunnlova av 4.11.1814 (Torp og Vikør 2003:139).

4.2. Språk og nasjon i ONF

Den fremste motiveringa for å kome med ei ny norsk ordbok knytte seg til oppfølginga av 1814. I prosessen med å skape ein nasjon av unionsstaten Noreg, spelte språket ei nøkkelrolle (op.cit.141). Formuleringa i DO om at også språket i Noreg er ein del av ”det danske Tungemaal”, får eit nokså direkte svar i føreordet i ONF, som nettopp skal godtgjere eit særeige norsk språk. Her heiter det at ”det maa derfor nu være os saa meget mere magtpaaliggende at kjende vort Folks rette og egentlige Tungemaal saavel i det Hele som i de enkelte Forgreninger” (Kruken og Aarset 2000:4). Molbech får ei endå klarare motsegn når Aasen presiserer at han har arbeidd etter ein plan som går ut på at dialektane samla sett er eit sjølvstendig språk ”der kun udgaaer fra vort Lands eget gamle Sprog og ikke kan indskydes under noget af de nuværende Nabosprog” (op.cit. 5).

Den nye historiske kunnskapen om ”det gamle Sprog” er det filologiske beiset på at folkemålet er ”Fædrenesproget”, som skulle atterreisast.

5. Ordtilfangsvurderingar

Akademiprinsippet var opphavleg knytt til utviklinga av dei store europeiske språka på 1500-talet for mørstertyldig språkbruk (jf. MacArthur 1986:94). Molbech tilpassa prinsippet si tid og kalla DO ”en almindelig Ordbog over det danske Sprog, saaledes som det forekommer i Skrift og dannet Tale” (Molbech 1833:IX). Men han seier det i ein kontekst der utelukking (eksklusjon) av ordtilfang er like viktig som medtaking (inklusjon). Både eksklusjon og inklusjon krev såleis metodiske grep.

Særleg argumenterer Molbech for å ta med eit utval av ”de saakaldte forældede Ord” (Molbech 1833:VIII): Utvalet skal grunngjenvæst med slektskap til samtidsorda og fylle eit sakn i samtidsspråket. Molbech kombinerte dermed akademiprinsippet og den historisk komparative metoden i eit slags restitusjonsprinsipp.

For ONF med berre folkeleg talemål som materialgrunnlag var ikkje akademiprinsippet i den klassiske forma noko eigenleg utgangspunkt. Men prinsipp for inklusjon og eksklusjon var avgjort relevante, ikkje minst etter restitusjonsprinsippet mellom samtidsspråket og gammalnorsk.

5.1. Inklusjon

For Molbech var autentisk materialgrunnlag frå skjønnlitteraturen eit viktig supplement til ”selvdannede Exempler” (Molbech 1833:IX) for å gje autoritet til framstillinga. Molbech brukte 10 år på materialinnsamlinga, medan den eigenlege leksikografiske gjennomarbeidingsa tok berre 5 år (Borup 1954:206f.).

Skriftlege kjelder for ONF var fleire lokale ordsamlingar, som var nokre fleire enn dei fire prenta som er nemnde framanfor (jf. Kruken og Aarset 2000:5). Prinsippet om autentisk etterprøving var ein føresetnad for at ord frå slike samlingar kom med i ONF. Det vil seie at Aasen aldri tok med eit ord frå ei slik samling utan at han sjølv hadde fått stadfestat det av ein påliteleg informant, helst på det aktuelle dialektområdet. Vurderingane til Molbech i DO kan nok ha vore ein inspirasjon til ein slik vitskapleg arbeidsmåte.

5.2. Eksklusjon

Samstundes som tittelformuleringane ”*det danske Sprogs Stammeord*” og ”*efter den nuværende Sprogbrug*” i DO er innhaldsforklarande, er dei sjølvsagt også eit kriterium for legitim eksklusjon. Vekta ligg på det genuint heimlege, men tillegget om samtidsspråkbruk gjer at tilhøvet til den ekskluderte delen av ordtilfanget, som vi i dag gjerne kallar importord (t.d. Sandøy 2000:19), måtte klargjerast.

I tråd med heile språkbyggingsprosjektet som ONF var ein del av, var poenget å

beskrive eit ordtilfang som synte nasjonaliteten. Ordtifang som ikkje gjekk inn i den samanhengen, var uaktuelt.

5.2.1. Importord

Av importord får tyske ord ei særskild handsaming i DO, naturleg nok etter geografiske tilhøve, attåt andre framandord. Berre i dei tilfella der ”Skriftsproget” hadde gjeve slike ord ”den fornødne Borgerret”, kunne det kome på tale å ta dei med (Molbech 1833:XIII).

Tysk ordtifang

Molbech slo særleg ned på ”Letheden i at giøre Tydsk til Dansk” (Molbech 1833:XII). Det klassiske utestengingdømet til sitering gjeld *Geburtsdag*:

Man vilde dog ei i en dansk Ordbog fra det 19de Aarhundrede søge *Geburtsdag*, skjøndt dette i hvert dansk Øre skærende Ord, der ikke eier meer end et eneste Bogstav, som tilhører os, endnu er saa tildeles hiemme i det almindelige, men derfor i dette Tilfælde ikke desmindre barbariske Omgangssprog, selv i dannede Kredse, at det er iblandt de største Sielenheder, at høre en Dansk sige *Fødselsdag*. (Molbech 1833:XIII)

Dømet er ein attergangar i litteraturen om Molbechs kritiske haldning til slike ord, der opphav som godkjenningsgrunn vart rangert langt føre faktisk bruk (Duekilde 1998:102).

Gjennom heile nynorsksoga har importord frå dansk og tysk (gjerne kalla ”anbehetelse-orda” etter nokre typiske føre- og etterledd) vore eit stridsspørsmål, ikkje minst med ei tilsvarende grunngjeving som finst i føreordet i DO (Aasen skilde ikkje mellom lånord og framandord (Bondevik og Myhren 2000:XVII)). Det vil seie at slike importord nesten umerkeleg tek plassen frå dei heimlege orda.

Tyske importord var ikkje sameinlege med ”Nationaliteten i Sproget” (Kruken og Aarset 2000:4). Språkvitskapleg hang motstanden mot denne ordtypen saman med ein teori om at han skipla ordlagingssevna, der omlyden spela ei viktig rolle. Men det var først med *Norsk Grammatik* (1864) at Aasen gjorde greie for denne tenkjemåten (Walton 1996:418).

Med ei så klar avvising som Molbech har av slikt tysk språktifang, er det eigenleg ikkje til å undre på at kategorien ikkje er nemnd i det heile i føreordet i ONF.

Andre importord

Andre slags importord, gjerne kalla framandord, opnar DO for når dei har blitt ”ligesaa almeenforstaaelige, som de oprindelige danske Ord” (Molbech 1833:XIII). Elles skal dei utelatast, fordi dei alltid vil vere ein uorganisk del i ei ordbok ”over det danske Tungemaal”. Dei er gjester som kjem og går utan borgarrett i ”Sprogets Hiem” (*ibid.*).

For denne ordtypen finst det eit parallelt synspunkt i ONF. Her heiter det at framandord som er innkomne med skriftspråket, er utelatne, ”forsaavidt som de ikke have antaget nogen egen Form eller egen Betydning” (Kruken og Aarset 2000:6).

Om dette parallelle kriteriet har ført til eit nokolunde tilsvarende utval av importord, har ikkje vore mogleg å granske innafor ramma av denne artikkelen.

Andre utestengde ord

Eksklusjonkriteriet ovanfor er knytt til opphav. Akademiprinsippet for DO stengjer sjølvsagt ut heile det tilsvarende kjeldetilfanget som ONF byggjer på, og som Molbech for dansk gav ut i ei eiga ordbok, *Dansk Dialect-Lexikon* (DDL; 1841).

Ein ordtype er det elles Aasen som spesielt nemner som eksklusjonverdig: ”Udeladte er ogsaa adskillige Eder og Skjældsord samt enkelte andre, som kun bruges i grov og obscøn Tale og som ikke synes at være til nogen Berigelse for Sprogstoffet” (Kruken og Aarset 2000:5). Desse ordkategoriane frå såkalla lågspråk er ikkje omtala i DO, men påstanden til Aasen om at slike ord ikkje gjer språket rikare, minner i nokon grad om Molbechs ”Barbarismar og slette Ord” (Molbech 1833:XIII) jamvel om hans ordlegging helst går generelt på ”uakademiske ord” (jf. Haugen 1984:19).

6. Sjølve leksikografien

6.1. DO og ONF som morsmålsordbøker

Titlane til DO og ONF gjev berre signal om kva som er utgangsspråket, høvesvis dansk og norsk. Frå hovudtittelen til DO vil ein i dag utan vidare rekne med at det er ei eittspråkleg ordbok, og slik ser det ut til at tenkjemåten var på Molbechs tid også. Når Molbech omtalar arbeidet med ordforklaringsane, er ikkje nasjonaliteten på forklaringsspråket emne. Berre indirekte er det sagt at det er dansk med at det er lagt vinn på ein ”oprindelig dansk Sprogtone” (Molbech 1833:XVII).

Både i føreordet til 1848-grammatikken og i ONF utviklar Aasen eit resonnement som seier at ”Skriftsproget” er ”kun sideordnet og nærbeslægtet med det Norske” (Aarset 1996:9). Men det er opplagt at forklaringane i ONF skal formast ut i ”Skriftsproget”. Etter vanleg tenkjemåte er difor ONF formelt sett ei tospråkleg ordbok. Men Aasen hadde eigenleg ikkje noko val når han ville nå flest mogleg lesekunnige nordmenn. ”Skriftsproget” var einaste alternativet. På dette punktet er det elles første gongen Aasen nemner DO i ONF. Han drøftar problema med å gje att tydingane i eitt språk på eit anna, og nemner særleg det dilemmaet at same personen sjeldan er like god i både kjelde- og målspråk. I dette tilfellet har Aasen hatt ”en stor Hjælp i Molbechs danske Ordbog”, men legg til at ein lærer ikkje eit språk berre frå ordbøker (Kruken og Aarset 2000:13). Resonnementet er at danskar og nordmenn ikkje hadde likeverdig tilgang til skriftkulturen for dansk.

6.2. Makrostruktur (ordning av ordtilfanget)

DO er (vel) den første eittspråklege ordboka som la fram ein heilskapleg presentasjon av dansk ordtilfang med den avgrensinga som låg i akademiprinsippet. Tilsvarende er ONF den første ordboka som la fram eit fulldekkjande systematisk gjenomarbeidd norsk ordtilfang. I begge ordbøkene er hovudprinsippet for ordninga initialalfabetisk.

6.2.1. Alfabetisering (a-ø)

Jamvel om ”Skriftsproget” er sams redigeringspråk i DO og ONF, kan alfabetisering likevel vere ei utfordring med mange konvensjonar å forhalde seg til. I DO er ø siste bokstaven ettersom å-lyden enno ikkje hadde fått eit eige teikn. DO har dobbelskriving av *a* for denne lyden, dvs. *aa*.

I sjølve alfabetiseringa følgjer ONF ordninga i DO, men når det gjeld teiknet for å-lyden, går Aasen sin eigen veg. Aasen fekk laga eit eige teikn, som var ei samanskripling (ligatur) av to a-ar ”da dette vilde være til megen Hjælp især i de Tilfælde, hvor aa og a støde sammen” (Kruken og Aarset 2000:XXV). Ikkje berre brukte han eit eige teikn, men Aasen gav det òg ein eigen alfabetisk verdi. I rekkjefølgje gjekk det inn mellom a og b. I DO har derimot kvar av a-ane sjølvstendig verdi. For alfabetbolken *da-de* syner det seg med at *då*-orda i DO kjem rett etter *da*, medan dei kjem rett føre *de* i ONF (berre hovudorda er med):

DO: **Da**, Daa, Daab, Daad, Daane (v), Daane (subst.), Daare (subst.), Daare (v), Daarlig, Daase, **Daddel** ... **Davre**, **De** ...

ONF: **da** (adv), **da** (pron.), **Dabbe** ... **davra**, daa, daaa, daae, daaig, Daam, daama, daamlaus, daamleg, Daamp, Daankar, daar, daara, daarleg, Daarskap, Daase (m. 1) Daase (m. 2), daatt (sup.), daatt (adv), daattlege, Daavr, **de** ...

Dette sjølvstendige bidraget frå Aasen til norsk makrostrukturell leksikografi fekk nådestøyten då norsk skriftkultur innførte å-en som eige skrifteikn i 1917 etter at latinsk skrift hadde vore så godt som einerådande i fleire tiår. Teiknet var plassert til slutt i alfabetet etter ”ende-prinsippet” (Torp 2002:4).

Jamvel om initialalfabetisering er hovudprinsippet i begge ordbøkene, er det modifisert slik at samansetningar i DO følgjer alfabetisk etter hovudordet med førsteleddet som alfabetiseringsbase, før hovudalfabetiseringa går vidare:

Dag, *Dagarbeide* ... *Dagverk*, *Dagetral*, *Dagsarbeide* ... *Dagsverk*, **Dages**.

Molbech kalla ordninga for alfabetisk-etymologisk, som han såg på som brukarvenleg (Molbech 1833:XVI).

Av dei 25 000 oppslagsorda i ONF står berre 22 011 på rein alfabetisk plass

(Kruken og Aarset 2000:XXII). Resten er gjerne knytte anten til føre- eller etterledd (t.d. *Sleakar* under *Kar* 'mann' og *Brurableia* under *Bleia* 'laken' (op.cit. XXI). Med tanke på den sterke vekta både Molbech og Aasen la på å syne ordslektskap, er alfabetisering med ordflokk-inniskott nesten sjølvgjeven.

6.3. Mikrostruktur (den einskilde ordartikkelen)

Det er helst utforminga av mikrostrukturen som særmerker ei ordbok. Etter *Nordisk leksikografisk ordbok* (NLO; under *informasjonstype*) kan informasjons-kategoriane i mikrostrukturen delast inn i fem hovudtypar: den formelle, den semantiske, den kombinatoriske, den ensyklopediske og den historiske.

Både av omsyn til plassen og i samsvar med at den faglege styrken til dei to leksikografane ikkje minst knyter seg til *den semantiske kategorien*, skal jamføringa av mikrostrukturen avgrensast til denne kategorien.

6.3.1. Ordforklaringane

Molbech formulerte berre dei allmenne prinsippa som han brukte i ordforklaringane: Med bakgrunn i historisk-kritisk kunnskap om språkbruken skal ein på ein nøyaktig måte sameine "logisk Bestemthed ... med Klarhed og Korthed". Sjølve grunnsetningane om ordforklaring "maa Ordbogen selv lære dem, der vil bruge den" (Molbech 1833:XVIf.).

Når DO er ei eittspråkleg ordbok med vekt på stam- eller grunnorda i dansk, vil det seie at DO må ha mange omgrepssanalysar ordlagde i fleirordige forklaringar eller definisjonar, som t.d. ved *Ko* (sjå figur 3). Det er nettopp framlegginga i definisjonsform av slike omgrepssanalysar, som har gjeve Molbech varig ry i dansk leksikografi. Det Aasen og seinare leksikografar kunne ta mønster av, var kva språklege verkemiddel han brukte i "en verbal beskrivning av begreppet", som det heiter hos Svensén (2004:273).

For ONF som tospråkleg ordbok mellom norsk folkemål og dansk vil det seie at ONF skulle ekvivalere tydingsverda i norsk folkemål mot den tydingsverda som "Skriftsproget" representerte. Målspråket er, som det er nemnt ovanfor, ikkje uttrykt i tittelen til ONF, noko det derimot er gjort i 1873-utgåva som har tittelen *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. I dei tilfella der det er ekvivalens mellom norsk folkemål og dansk, kunne ordforklaringa såleis berre vere ein eittords ekvivalent. Men jamvel mellom to så nærskyldne språk som dansk og norsk har det eine språket "en Mængde Udtryk for Begreber, som det andet ikke har" (Kruken og Aarset 2000:14). Aasen utdjudpar dette med å nemne både ikkjespråklege og språklege moment frå ulike nivå som spelar inn i tydingsskildringa av omgrepss verdene mellom norsk og dansk:

- særeigen natur
- særeigen levemåte
- ulike uttrykk for lyd, rørsle og utsjånad
- ulikt omgrevsombord

Konklusjonen er difor at han har ”anseet det nødvendigt at bruge mange Ord i Forklaringen og at adskille de forskjellige Betydninger, om endog Ordet skulde synes at være bekjendt af Skriftsproget” (ibid.).

Utfordringane

Som tospråksleksikograf hadde då Aasen to hovudutfordringar. *Den første* galdt å fastslå om

1. same nemning fanst med same tydingsomfang
2. same nemning fanst, men med skilnad i tydingsomfang
3. omgrepel fanst, men med ei anna nemning i dansk
4. omgrepel ikkje fanst og dermed heller ikkje nemning

Den andre utfordringa låg i typane 2 og 4. Der måtte han på eiga hand gje ”en verbal beskrivning av begreppet”. Mønsteret for beskrivinga hadde han i type 1 frå Molbechs DO og eventuelt type 3. Her følgjer nokre døme på dei ulike typane:

Til 1: Same nemning og same omgrep med ’ku’ som døme (halvfeit i ordforklaringane i dette dømet og nedanfor er sett til her):

DO	ONF
Ko, en. pl. Køer. [Isl. Ku. N. S. ko.] et Huusdyr, som er Tyrens ell. Oxens Hun (<i>Bos taurus</i>), og faar dette Navn, naar den første Gang har kælvet. (s. <i>Kalv</i> , <i>Qvie</i>). <i>Koen er med Kalv, er drægtig. En gold Ko.</i> <i>Denne Ko staaer længe gold. En Malkeko.</i>	Ku, f. (Fl. <i>Kyr</i>), en Ko.
	– Formen <i>Ku</i> bruges kun i en Deel af Landet (Stav. Amt, Tr. og Ag. Stift), hvorimod man paa andre Steder siger <i>Kyr</i> baade om een og flere; saaledes i B. Stift, Rbg. Tell. og flere. (G. N. <i>kú</i> , pl. <i>kýr</i> ; Isl. <i>kýr</i> , i Eental). Fleertal paa nogle Steder <i>Ky</i> (<i>Kjy</i>); – bestemt Form: <i>Kynn'e</i> (for <i>Kyrne</i>), <i>Kydna</i> , <i>Kynn</i> ; – Dativ i Nørre Berg.: <i>Ku'naa</i> (for <i>Kunom</i>). I Sammensætning er Formen <i>Ku</i> mest almindelig, f. Ex. Kuband, Kubaas ; men i Søndre Berg. hedder det <i>Kyra</i> (<i>Kyraband</i> , <i>Kyrafot</i>).

Figur 3. Ko og Ku

Til 2: Tilsvarande nemningar, men ulikt tydingsomfang, med 'kalle' som døme:

DO	ONF
Kalde , v.a. 2 og 1. (<i>kaldte</i> og <i>kaldt</i> er den i Talen allene brugelige Form.) [Isl. <i>kalla</i> .]	kalla , v. a. (<i>a – a</i>),
1. bede eller byde een at komme. <i>At kalde een til Bords. At kalde ad een, p. een.</i> "Jeg kaldte ad Eder, og I svarede ikke." Jer.7.13, "Om jeg end skriger og vaander mig og kalder nok saa høit, er det, som han slet ikke hørte mig." Rahb. <i>At kalde</i> (indkalde, indstævne) <i>een for Retten. At kalde een frem, kalde een for sig, kalde een ind fra Gaden. At kalde Folket sammen.</i> "Kongen kaldte Jøderne t. Hielp." 1. Macc.11. – <i>han lod kalde Præsten t. sig. Hvorfor lod du kalde mig?</i> (Ved en Egenhed i Sprogets Ordføining siger man ogsaa, og sædvanlig: <i>Han lod Præsten kalde. Hvorfor lod du mig kalde?</i>) <i>At kalde een tilside, kalde een ud. At kalde noget i Twivl</i> ☺: tvivle derom.	1) kaldet, benævne. G. N. <i>kalla</i> .
2. nævne, give Navn. (jf. <i>hedde, nævne</i> .) "En Ting <i>hedder</i> m. det Navn, som den ifølge sin Natur har, den kaldes m. den Benævnelse, som Villie, Vane, Omstendigheder have givet den." Sporon. <i>At kalde en Ting v. sit rette Navn. Hvorfor vil du kalde ham hvad han ikke hedder?</i> "Der ere Ting, som ikke allevegne kunde kaldes, som de hedde; derfor komme de omsider til at hedde, som man kalder dem." Sporon. <i>Hvad kaldes (hvad Navn har) den Plante? – At kalde op, give Navn efter een. Pigen blev kaldt op (opkaldt) efter Moderen. Han lod sin Fader kalde op</i> ☺: <i>gav Sønnesønnen dennes Navn.</i>	2) lokke, kalde til sig. Sædvanlig kun om at kalde Dyr til sig; hvormod man siger <i>ropa</i> om at kalde et Menske. <i>kalle Hunden:</i> lok Hunden hid! –
3. udvælge, besikke, udnævne (især, og neden allene om Geistlige Embeder.) <i>At kaldes til Præst. Greven har kaldet ham og Kongen bekræftet Kaldet.</i>	3) udskjælde, give fornærmelige Navne. Oftest som v. n. for Ex. <i>Han baa' kalla aa banna</i> (skjendte og bandede).
	– <i>D'æ so te kalla:</i> man maa kalde det saaledes (om noget som ikke svarer ganske til Navnet). <i>Dæ va færtigt, te kalle,</i> ☺: det var saa godt som færdigt. (Nordre Berg.). – <i>kalla aat seg:</i>

	lokke til sig. <i>kalla heim Kynn'e</i> : kalde Kørne hjem. <i>kalla upp-atte</i> : opkalde; f. Ex. <i>Ho kalla uppatte Far sin</i> , o: hun gav Barnet Navn efter hendes Fader.
--	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Figur 4. Kalde og kalla

Til 3, same omgrep men ulike nemningar, med 'kveite' som døme:

DO	ONF
Helleflynder, en. pl. -flyndere.	Kveita, f.
en meget stor Saltvands-Fisk af Flynder-Slægten, som spises, og af hvis Finner, med en Deel af Huden og Fedtet, i Norge tilberedes det saakaldte <i>Rav og Rækling</i> . <i>Pleuronectes hippoglossus</i> ell. <i>maximus</i> .	Helleflynder (<i>Hippoglossus</i>). Overalt vest- og nordenfjelds. Derimod <i>Hellefisk</i> i de søndenfjeldske Kystegne. [Hellefisk, m. Helleflynder (= <i>Kveita</i>). Kr. Stift. (Isl. <i>heilafiski</i> , og <i>heilagfiski</i> ; Sv. <i>helgeflundra</i>).]

Figur 5. Helleflynder og Kveita

Til 4, omgrep og nemning er ukjende i dansk,

a) med 'kakse' som døme:

DO	ONF
Manglar	Kakse, m. en mægtig Mand; A. Stift, om Bønder som have store Jorder og meget at raade i Bygden. (Sv. <i>kaxe</i>). Ogsaa <i>Bikse</i> og <i>Bause</i> .

Figur 6. Kakse

b) med 'knyste' som døme, der nemninga og omgrepet finst i DDL:

DO	DDL	ONF
Manglar	knyste, knystre, v. n.	knysta, v. n. (e – e), knye, mukke. (Tildeels i B. Stift). <i>Lat ikke dæ knyste 'ti deg</i> : vær stille, giv ikke en Lyd. Ellers: <i>kny, gny, gnette</i> . (Sv. <i>knysta</i>).

	dan Hoste kaldes <i>Faareknyste.</i> ” S. ogsaa Aagaards Tørninglehn. S. 226. – Paa Falster: <i>Knyste</i> , smaa-knurre, pukke; naar man ikke rigtig vil eller kan komme frem med sin Vrede. (jvf. det T. <i>knitern</i> , om Lyden.)	
--	----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	--

Figur 7. knyste, knystre og knysta

Mønstertaking

Når det gjeld mønstertaking, ser vi fra type 2 at det finst ein klar parallel i definisjonssyntaksen for *kalle* (figur 4) der både DO og ONF har verbet *gi* som hovudord og *namn* som kjerne i utfyllinga (differentia specifica):

Kalde 2: give Navn [i tillegg til *nævne*]

kalla 3: give fornærmelige Navne (men *benævne* under *kalla* 1)

Også type 4, der Aasen verkeleg måtte stå på eigne bein, bør definisjonsutforminga av *Kakse* få godkjent. Valet av overomgrep ('Mand') og av særdrag ('mægtig') og bruksområdepresiseringa ('om Bønder som have store Jorder og meget at raade i Bygden') toler parallellell til den tilsvarande utforminga i DO under *Ko*.

På andre punkt har Aasen tilsynelatande gått sin eigen veg. Særleg i utlegginga av tyding 2 av *kalla* er Aasen noko lausare i uttrykksmåten enn Molbech, når bruksmåten blir utlagd. Om dette draget likevel skal knytast til Molbech, må det vere frå DDL, jf. tillegget om 'småhoste' under *knyste* (figur 7).

Frå *Dansk-norsk Ordbog av Ivar Aasen* (DNO) syner Bondevik og Myhren (2000:XII) kanskje endå klarare korleis Aasen lærte definisjonsordlegging direkte frå "Ordbogen". Oppslagsordet er *dræve*. I DO er forklaringa "tale meget langsomt", trække p. Ordene". I 1843-manuset til DNO har *dræve* fått forklaringa "drage paa Maale[t]". Det synest svært rimeleg at Aasen på bakgrunn av dei to ordleggingane til Molbech har funne fram til det idiomatisk norske motsvaret (trække/drage, p. Ordene/ paa Maale[t]).

Desse tilfeldige døma skulle samla sett vitne greitt om at Aasen verkeleg lét "Ordbogen selv lære" seg definisjonspraksisen, ikkje minst med vekt på "Klarhed og Korthed", som var Molbechs tilråding.

7. Sluttord

7.1. Konklusjon

7.1.1. Ytleg sett

Om oppgåva berre hadde vore å etterspore referansar til DO i ONF er resultatet

magert. Den einaste direkte referansen gjeld DO som kjelde for god dansk til ordforklaringane i ONF. Om vi også tek med DDL, viser Aasen i ONF direkte til denne ordboka i alle fall under oppslaga *dan* adj 'beskaffen, skikket', *soleie* f 'en Blomst' og *tweit* m (og f) 'en Spaan, Splint, Fliis'. Opplysningane i DDL stør forklaringane til Aasen om desse orda.

7.1.2. Etter nære gransking

Etter nærmere gransking kan det greitt peikast på desse *fellespunktene* mellom DO og ONF frå ulike felt som konstituerer eit ordboksprosjekt:

- historisk-komparativ språkvitskapleg tenkjemåte (etymologi, analogi)
- internt syn på nasjonalt ordtilfang
- dokumentasjonskrav (etterprøving)
- skrifftype (fraktur)
- hovudprinsipp i alfabetisering og normering
- hovudprinsipp i ordforklaring

På desse felta har Aasen aktivt meir eller mindre direkte stødd seg på DO.

Skilnader mellom DO og ONF kjem til uttrykk i

- synet på materialgrunnlag for morsmålsordbøker
- statusen for norsk som nordisk språk
- alfabetisk verdi for teiknet for å-lyden
- skrivemåte for palatallyden framfor vokal (t.d. omtala av Bondevik og Myhren 2000:XI)
- heimfesting ('diatopisk markering' som "J." og "Tildeels i B. Stift" i figur 7)

På desse punkta, som delvis har synt seg som påviselege motsvar mellom DO og ONF, har Aasen gått sjølvstendig fram og på den måten vore med og utvikla nordisk leksikografi med å syne at det ikkje er nokon prinsipiell skilnad på skriftmålsleksikografi og dialektleksikografi.

Walton (1996:421) meiner jamvel at DDL fekk vel så mykje å seie og viser m.a. til at framstillingsmåten i DDL er mest samanfallande med ONF. Her tenkjer vel Walton på eit særmerke for DDL og ONF i høve til DO, nemleg heimfesting. For det einskilde ordet er det merkt av funnstad (med mange unntak i ONF) (jf. figur 7). Her skal det likevel leggjast til at å heimfeste ord og ordtydingar var Aasen van med frå Laurens Hallager: *Norsk Ordsamling eller Prøve af Norske Ord og Talemaader* (1802), som han også hadde med seg på den store innsamlingsferda (Venås 1996:28).

Etter Molbechs eigenvurdering var DO det rette valet (rett nok skrive før han hadde gjeve ut DDL): Han våga å kalle DO ”det bedste lexicalske Værk over Modersmalet, som hidtil er fremkommet” (Molbech 1833:XXVI). Som den pålitelege dokumentaristen Molbech var, nemner han også kven han står i gjeld til. Han har gjort seg nytte av det gode, rette og brukelege tilfanget frå føregjengarane i dansk ordbokarbeid. Også Samuel Johnson (1709-84), som er sedd på opphavsmann til den moderne europeiske morsmålsordboka med *A Dictionary of the English Language* (1755) (jf. MacArthur 1986:96) er på lista over Molbechs kvalitetssikrarar. ”[M]in engelske Mester” er karakteristikken Johnson får. Aasen er på lag med dei beste.

7.2. *The Empire Writes Back*

Med bakgrunn i den postkoloniale litteraturteorien vart det innleiingsvis peikt på det danske hegemoniet i skriftkulturen i Noreg jamvel etter 1814. Då høyrer det også med å avslutte med hjelp av forklaringskrafta i teorien. Eit hovudpoeng er at dei som har vore under hegemoniet, eller imperiet, svarar, eller som det endå meir talande heiter i den engelske opphavsformuleringa: ”the empire writes back” (Hauge 2001:376). Imperiet skal her forståast som periferien, og etterlikning (eng. *mimicry*) er det verknadsfulle uttrykksmidlet. Vidareutvikling må vere resultatet. I vår samanheng tok Ivar Aasen utgangspunkt i den hegemoniske *Dansk Ordbog*, tileigna seg akademikonseptet for morsmålsleksikografi, utvikla på det grunnlaget ein eigen norsk talemålsbasert morsmålsleksikografi i *Ordbog over det norske Folkesprog*, som han seinare perfeksjonerte i *Norsk Ordbog med dansk Forklaring* (1873). Den endelege fullføringa av denne prosessen er *Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet* (1966-). Som tittelen seier, er dette ord-boksverket syntesen av ONF og DO. Det vil seie at orda i talemålet og i skriftmålet får likeverdig behandling slik at heile ordtilfanget blir sett i samanheng.

Litteratur

- Bondevik, Jarle og Myhren, Magne 2000: Innleiing. I: Bondevik, J. et al. (red.): *Dansk-norsk Ordbog av Ivar Aasen*. Bergen: Norsk Bokreidingslag, s. IX-XXVI.
- Borup, Morten 1954: *Christian Molbech*. København: Rosenkilde & Bagger.
- DDL = Molbech 1841.
- DNO sjå Bondevik og Myhren 2000.
- DO = Molbech 1833.
- Duekilde, Anne 1998. Christian Molbech 1783-1857. I: Akselberg, G. og Bondevik, J. (red.): *Ord etter ord. Heiderskrift til Oddvar Nes*. Bergen: Norsk Bokreidingslag, 92-104.
- Hauge, Hans 2001: Postkolonialisme. I: Johannes Fibiger et al. (red.): *Litteraturens tilgange – metodiske angrebsvinkler*. København: Gads Forlag, 369-395.

- Haugen, Einar 1984: Introduction. I: Haugen, Eva: *A Bibliography of Scandinavian Dictionaries*. New York: Kraus International Publications, 1-61.
- Hovdhaugen, Even et al. 2000: *The History of Linguistics in the Nordic Countries*. Helsinki: Societas Scientiarum Fennica.
- Kruken, Kristoffer og Aarset, Terje 2000: *Ivar Aasen. Ordbog over det norske Folkesprog*. Ny utgåve. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Kvaran, Guðrún 2000: Det attende århundredes islandske leksikograf. I: *LexicoNordica* 7, 75-90.
- MacArthur, Tom 1986: *Worlds of reference*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Molbech, Christian 1833: *Dansk Ordbog indeholdende det danske Sprogs Stammeord, tilligemed aflede og sammensatte Ord, efter den nuværende Sprogbrug forklarede i deres forskellige Betydninger, og ved Talemaader og Exempler oplyste*. København: Gyldendalske Boghandlings Forlag.
- Molbech, Christian 1841: *Dansk Dialekt-Lexikon, indeholdende Ord, Udtryk og Talemaader af den danske Almues Tungemaal i Rigets forskellige Landskaber og Egne, forsaaavidt som de ere fremmede for Skriftsproget og almindelig Sprogbrug, med Forklaring og Oplysninger*. København: Gyldendalske Boghandlings Forlag.
- NLO = Bergenholz, H. et al. (red.) 1997: *Nordisk leksikografisk ordbok*. Oslo: Universitetsforlaget.
- ODS = *Ordbog over det danske Sprog. Treogtyvende bind*. 1946. København: Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag.
- ONF = Kruken og Aarset 2000.
- Sandøy, Helge 2000: *Lånte fjører eller bunad? Om importord i norsk*. Oslo: J.W. Cappelen akademisk Forlag.
- Skautrup, Peter 1953: *Det danske sprogs historie*. 3. København: Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag.
- Svensén, Bo 2004: *Handbok i lexikografi. Ordböcker och ordboksarbete i teori och praktik*. Stockholm: Nordstedts Akademiska Förlag.
- Torp, Arne 2002: Skandinaviske ”særbokstaver”. I: *Språknytt* 1, 1-4.
- Torp, Arne og Vikør, Lars S. 2003: *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Oslo: Gyldental Norsk Forlag.
- Venås, Kjell 1996: *Då tida var fullkommen. Ivar Aasen*. Oslo: Novus forlag.
- Vikør, Lars S. 2000: Ordbøker over norske bygdemål fra før 1814. I: *LexicoNordica* 7, 119-132.
- Walton, Stephen 1996: *Ivar Aasens kropp*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Worren, Dagfinn 2003: Ordartikkelen i nokre norske ordbøker i historisk perspektiv. I: Zakaris Svabo Hansen og Anfinnur Johansen (red.): *Nordiske studier i leksikografi 6. Rapport fra Konference om leksikografi i Norden. Tórshavn 21.-25. august 2001*. Tórshavn, 405-416.
- Aarset, Terje 1996: *Ivar Aasen. Det norske Folkesprogs Grammatik*. Volda: Høgskulen i Volda.
- Aasen 1848 sjå Aarset 1996.
- Aasen 1850 sjå Kruken og Aarset 2000.